



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 09.11.2020  
Vår ref: 20/03230-7  
Deres ref:

## Høring av søknad om driftskonsesjon for Hafstad massetak i Sunnfjord kommune. Tiltakshavar: Magne Hafstad AS.

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 14. september 2020.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høringa.

### Høringsfrist: 7. desember 2020.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på [dirmin.no](http://dirmin.no) under «Saker til høring».

### Samandrag av søknaden

Magne Hafstad AS søker om driftskonsesjon for uttak av lausmassar i kombinasjon med fast fjell i Hafstad massetak. Uttaket er lokalisert på eigedomen 61/8 og 61/41 i Sunnfjord kommune. Omsøkt område er 23 daa og kjem fram av vedlagte kart. Ifølgje tiltakshavaren skal dei ta ut om lag 125 000 m<sup>3</sup> i året. Det totale uttaket angir tiltakshaver til å vere 500 000 m<sup>3</sup>.

Uttaket består av sand/grus og fast fjell i form av granitt og gneis. Tiltakshavaren beskriv at massetaket består av eit grovt steinrikt topplag, med grusige og sandige skrålag. Ifølgje tiltakshavaren skal førekomsten nyttast som byggeråstoff.

Omsøkt område er avsett til masseuttak i kommuneplanen sin arealdel. Det føreligg også ein reguleringsplan «Detaljplan med tilhørande reguleringsføresegner for Leirdalen - gbnr.61/8 m.fl.» med planID: 143220150013 for området.

### Forventingar til høyringsfråsegnene

DMF ber om at offentlege etatar ut frå eige ansvarsområde vurderer om noko tilseier at driftskonsesjon ikkje bør tildelast, eventuelt om det skal stillast vilkår om avbøtande tiltak.

Private partar kan komme med innspel til relevante forhold i den aktuelle saka.

Dersom noko ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.



Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Vi ber **kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen** opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dersom kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgreiing om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

Det er gjort funn av stær og vipe i nærleiken av uttaksområdet. Dersom Fylkesmannen vurderer at omsøkt verksemd vil kunne ha konsekvensar for desse registreringane, ber vi om ei tilbakemelding på dette. Vi ber også om at Fylkesmannen foreslår moglege avbøtande tiltak, eventuelt vilkår som kan stillast i eit eventuelt løyve etter minerallova.

Omsøkt område fell dels innafor NVE sitt aktsemdskart over snøskred og steinsprang. I samband med dette ber vi om ei tilbakemelding frå NVE dersom de ser at det er nødvendig å stille konkrete vilkår eller krevje avbøtande tiltak for drifta i området.

Heile eller delar av høyringsuttalane kan bli refererte i vedtaket som seier om konsesjon blir gitt eller ikkje. Søkjaren får høve til å kommentere høyringsuttalar før vi gjer vedtak.

#### **Kva vurderer DMF i samband med søknaden?**

Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m<sup>3</sup> og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området



DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.

### Høyringsfråsegnene skal sendast til

E-post: [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no) eller ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Ladebekken 50, 7066 Trondheim

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Ida Johanne Røisi  
overingeniør

Stine Borge Nordskog  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Stine Borge Nordskog

Vedlegg:

Adresseliste - Hafstad massetak

Mottakarar:

Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802 FØRDE
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020 BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN

Kopi til:

Magne Hafstad AS	Hafstadvegen 72	6800 FØRDE
------------------	-----------------	------------

Navn	Adresse	Poststed
HAFSTAD MAGNE STURLE	HAFSTADVEGEN 72	6800 FØRDE
ØVREBØ KNUT	HAFSTADVEGEN 84	6813 FØRDE
HAFSTAD ANSGARD NORMANN	HAFSTADVEGEN 98	6813 FØRDE
ØYESTAD-HAFSTAD OLAUG M	HAFSTADVEGEN 90	6813 FØRDE
HAFSTAD JOHNNY	HAFSTADVEGEN 85	6813 FØRDE
STEINER RUDOLF	Oliverlægda 22	6810 FØRDE
HAFSTAD SVEIN ERIK	HAFSTADVEGEN 81	6813 FØRDE
HAFSTAD ANNE TURID	HAFSTADVEGEN 86	6813 FØRDE
O DRAGE AS	Lysthaugen 15	6801 FØRDE
HOLME NORUNN	HAFSTADVEGEN 82	6813 FØRDE
HAFSTAD JAN OVE	ØVRE KLEIVANE 27	6814 FØRDE
TOYOTA NORDFIJORD OG FØRDE AS	Ulvesundvegen 6	6718 DEKNEPOLLEN
SÆTHRE JOAKIM	HAFSTADVEGEN 94	6813 FØRDE
LIEN IDA ALETTE	HAFSTADVEGEN 94	6813 FØRDE
HAFSTAD MAGNE EIGEDOM AS	Hafstad	6813 FØRDE
ÅSEN KJELL OTTAR	HAFSTADVEGEN 64	6800 FØRDE
ÅSEN ARILD	HAFSTADVEGEN 64	6800 FØRDE
HAFSTAD HENNING GEIR	HAFSTADVEGEN 92	6813 FØRDE
MS HAFSTAD 51 AS	Hafstadvegen 72	6800 FØRDE
HAFSTAD KÅRE LEON	POSTBOKS 18	6801 FØRDE
SKAGEN ODDVEIG DEVIG	SKAGEVEGEN 30	6973 SANDE I SUNNFJORD
SKRØPPA BJØRG ELISA	V/ REIDUN H. SKRØPPA,MOLDTAKSVEIEN 50	6812 FØRDE
DEVIG BRITT	THORA MEYERS GATE 28 B	8622 MO I RANA
DEVIG MAGNE	ANGEDALSVEGEN 21	6810 FØRDE
DEVIG HILDE	STEINAVEGEN 30	6800 FØRDE
DEVIG ERLING AGNAR	MÅRSTIEN 53	3033 DRAMMEN
JOHANSEN GUNNAR	SVEHAUGRINDA 28	5535 HAUGESUND
DEVIG EGIL NIKOLAI	VADHEIMSVEGEN 1006	6975 SKILBREI
HOLME JOFRID	C/O ROM 309,KYRKJEVEGEN 17	6809 FØRDE
GRØNFUR ARNE	HALBRENSLIA 20 B	6814 FØRDE
Spesialvarer Eiendom AS	Postboks 8	6844 VASSENDEN